



May Britt Hodneland Sæle
VABØVEGEN 226
5955 Lindås

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10549 - 22/3790

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
14.01.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 102/6 Vabø

Tiltak: Søknad om deling av veg
Byggjestad: Gbnr 102/6
Søklar: May Britt Hodneland Sæle og Atle Rune Sæle

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.12.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er berre sendt inn skjema for rekvisisjon av oppmålingsforretning. For å kunna rekvirera oppmålingsforretning må ein først søkja om løyve til deling. Sjå Alver kommune sin heimeside for informasjon om dette: [Alver kommune - Deling av eigedom og arealoverføring](#). Skjemaset for søknad om deling (oppretting/ endring av matrikkeleining) finn du her: [5153-Søkn. om tilt. uten s1 \(dibk.no\)](#)
2. Arealen som er tenkt frådelt er ikkje regulert til veg. Det må derfor anten søkjast om frådeling til uendra bruk eller søkjast om dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan for Lindås. Og frå punkt 2.2 i same plan der det krav om arealet skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til deling. I tillegg ligg vegen innanfor byggje- og deleforbod i strandsona, pbl §1-8. Det må også søkjast om dispensasjon frå dette forbodet.

Om ein søker om frådeling til uendra bruk må ein dokumentere at vegen er lovleg bygd.

3. Søknad om deling og dispensasjon skal nabovarslas. Informasjon om nabovarsling finn du på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Varsle naboane dine](#).
4. Vedlegga som er sendt inn er dårleg/ feil skanna. Heile dokumenta viser ikkje. Dette må rettast opp.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan 21.02.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennlig helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Atle Rune Sæle
May Britt Hodneland Sæle

Vabøvegen 226
VABØVEGEN 226

5955 LINDÅS
5955 Lindås